

Årsmelding 2022



FORORD

2022 vart heller ikkje ei gåve til næringslivet. Sjølv om vi kunne puste ut frå pandemien kom 2022 med krig i Europa, energikrise, galopperande prisvekst og auka rentekostnader. Våre myndigheiter toppa det heile med å gi oss eit formidabelt skattesjokk. Heldigvis finst det likevel mange saker vi kan glede oss over.

Vi fekk E39 Klauvaneset–Vågsbotn (Nordhordlandstunnelen) inn i NTP, inn i 1. periode, fekk delt reguleringsplanen i to, fekk Statens vegvesen til å godta delt reguleringsplan, fekk vekk kravet om kollektivfelt og fekk Statens vegvesen til å prioritere oppstart på planarbeidet i 2023.

Vi valte å mobilisere for å forhindre at Energiverket på Mongstad vart demontert – og vi lukkast. 2022 kom også med fleire konsesjonar på nettutbygging som vi har kjempa for i årevis. Saman med andre næringsforeiningar fekk vi også til slutt på plass ei straumstøtteordning, sjølv om den er for puslete og kom for seint. Vi har foreslått at kraftselskapa bør vurdere vindkraftutbygging i tilknytning til eksisterande vasskraftverk. Det er raskt å få på plass, gir lave produksjonskostnader, utnyttar eksisterande infrastruktur og minimaliserer naturinngrep. Hydro er først ute med sine planar mellom Høyanger og Sunnfjord. Vi heiar på Equinor sine planar for Trollvind (no Haywind Extension) – havvindssatsinga på Trollfeltet vil avlaste kraftbehovet på land og kan gi oss i regionen viktige og riktige oppdrag.

Greenspot Mongstad (GSM) har jobba godt med Einar Vaage i spissen. Samarbeidet mellom aktørane på Mongstad har aldri vore betre og vi kan forvente oss fleire spennande nyheiter derfrå i 2023. Saman med den eventyrlege satsinga som no er godt i gang i Sløvåg og i Skipavika har Fensfjorden oppnådd ein fantastisk attraktivitet. Skulle berre mangle at vi då også er det området som står fram som det mest spennande vekstområdet i Vestland gjennom Vestland fylkeskommune sitt prosjekt «Grøn Region Vestland».

I Nordhordland skil vi oss ut positivt på yrkesutdanning. Vi klarer ikkje å finne andre regionar som har så godt samsvar mellom den utdanninga som blir tilbydd på vidaregåande skule og arbeidslivet sitt behov. Heller ikkje andre som har ein velfungerande læreplassgaranti på tvers av fag.

Vi passerte første milepæl i realiseringa av Alverbadet og fekk inn dei 800.000 vi treng til prosjekteringa. Vi sette derfor i gong prosjekteringa og planlegg å ferdigstille denne fasen før sommarferien i 2023. Vi treng eit folkebad i Knarvik.

Regjeringa sjokkerte eit heilt næringsliv med store skatteskjerpingar i forslaget til statsbudsjett. Næringslivet er grunnsteinen i velferdssamfunnet vårt, det finst ikkje ei krone til fordeling og velferd som ikkje er skapt der. Vi står framfor store utfordringar for å oppretthalde framtidig vekst i verdiskapinga, og dermed staten sine inntekter, nasjonalt.

Laget hadde ei flott 50-års feiring i Kilstraumen 20. juni i vakkert sommarver! Vi er takksame for at så mange ville dele dagen med oss og audmjuke for all den rosen vi vart til del.

Styret, mars 2023

Årsmøtet i 2022

Årsmøtet vart halde i Dampen 31. mai 2022. 15 medlemsbedrifter var representert og 8 fullmakter kom inn på førehand. Møtet vart innleia av Julie Brodtkorb, Maskinentreprenørenes Forbund.

Medlemmer

Betalande medlemmer pr. 31. desember 2022 var 351. Pr. 22. mars 2023 er talet 353.

På www.nonl.no er det oversikt over alle medlemmer.

Styret

Beate Slettemark Korsøyen, Eco Corporate AS (styreleiar)

Ove Håland, Arkoconsult AS

Stine F. Brandsdal, Nortrans AS

Jonny A. Marøy, Econ Consulting AS

Jannike Neset, Uni Micro AS

Vidar Hjartnes, Eide Fjordbruk AS

Åge Torsvik, Amfi Knarvik

Styret har i 2022 halde fem styremøter.

Valnemnd

Richard Cornell, Kenneth Sjo Samuelsen og Fredrik Moe Mikkelsen (leiar).

Revisor

Helge Hellem, Dreggen Revisjon AS.

Arbeidsutval

Beate S. Korsøyen, Jonny A. Marøy og Baste Tveito.

Administrasjon

Administrasjonen har bestått av dagleg leiar Baste Tveito og koordinator Hildegunn Dalland. I tillegg er Vivian Kårbø tilsett som prosjektleiar for kompetanse. Stillinga er betalt av Vestland fylkeskommune og kommunane i Nordhordland.

CO2Bio AS

Selskapet har ikkje hatt aktivitet dei siste 4 åra og saman med dei andre eigarane bestemte vi å avvikle selskapet i 2022. Likvideringa bidrog til finansinntekt på i overkant av 340.000,-.

Styret i Opplæringskontoret for Nordhordland

Representant frå Nordhordland Næringslag: Ove Kåre Kjeilen (CCB Mongstad).

Partnerskapsavtale

Alver kommune og Nordhordland Næringslag har inngått ein partnerskapsavtale for å styrke samarbeidet om næringsutvikling.

Næringsalliansen Vestland

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 16 næringsråd og -foreiningar i Vestland fylke. Samarbeidsavtalen er grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen.

Behovet for auka nettkapasitet og meir fornybar kraft til Vestlandet er framleis ei høgt prioritert oppgåve. Det vert arbeidd målretta med dette i ulike partnarskap og kanalar.

Framlegget til statsbudsjett innebar nye utfordringar på toppen av dette. I løpet av året har Næringsalliansen Vestland skrive høyringsuttalar om grunnrenteskatt på havbruk og den fylkeskommunale Regionalplan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.

Det er gitt tydelege signal om desse sakene, i form av opne brev og opprop:

- Avslutting av skjenkestopp
- Nødvendige tiltak mot ekstreme energiprisar
- Straumstønad til verksemdar
- Grunnrenteskatt og auka formuesskatt
- Redusert arbeidsgjevarperiode ved sjukefråvær

Gjennom året er det gjennomført fleire medlemsundersøkingar. Det er svært viktig at desse er representative for verksemdar i heile fylket, det har også gitt gjennomslag i pressa.

Dagleg leiar har hatt rolla som hovudansvarleg for alle uttalar og pressemeldingar alliansen har kome med på kraft gjennom året. I denne rolla er det også gjennomført fleire møter med nasjonale aktørar som Statnett og NVE. Dagleg leiar har også presentert alliansen sitt syn på kraft og kraftdistribusjon på fleire nasjonale konferansar.

Anna

Dagleg leiar har representert næringslaget i samband med møte lokalt og regionalt.


BRANSJEGRUPPENE

Målsettinga for bransjegruppene er å ivareta den einskilde bransje sine interesser. Gruppene jobbar med saker som er aktuelle for bransjen. Styret og bransjegruppene skal ha tett dialog og gi innspel til kvarandre.

Industri

Jon Halstein Tjore, Equinor Mongstad (leiar) | Irene K. Wergeland, Wergeland Gruppa AS | Richard Cornell, Østerbø Maskin AS | Øystein Blom, Frekhaug Stål AS | Bjarte Fosse, Synfaring AS | Øystein Austrheim, Equinor Mongstad

Industrigruppa skal bidra til kompetansebygging, innovasjon, samarbeid og betring av lokale rammevilkår. Rekruttering står høgt på agendaen, og gruppa har mellom anna hatt eit samarbeid med NAV om ulike tiltak. Dei har også starta ein prosess kring nye utdanningstilbod for å sikre regionen vår relevant arbeidskraft i åra som kjem. I samband med samanstillinga av vindturbinane til Hywind Tampen inviterte Wergeland Gruppa til bedriftsbesøk med informasjon om havvindsprosjekt og omvising på området.



Frå industridagen hos Wergeland Gruppen, Gulen Industrihamn

Handverk

Egil Sagstad, Reknes Byggjevarer L/L (leiar) | Helge Sandvik, H. Sandvik AS | Konrad Risnes, Risnes Elektro AS | Terje Seim, Seim Bygg AS | Nils-Arne Træland, Lindås VVS AS | Kåre Romarheim, Romarheim AS

Handverksgruppa ønskjer å styrke bransjen og vere ein aktiv part når det gjeld påverking av relevante fagområde i kommunane i vår region. Gjennom året har gruppa jobba med:

- Byggesaksgang i kommunane
- Kommunale innkjøp
- Samarbeid skule-næringsliv
- Fagtur til Danmark
- Etablert næringsplattform for auka samarbeid med Alver kommune med eigen gruppe for byggesak



Fagseminar i Dampen før Danmarksturen

Handel og service

Helge Bjordal, Nagelld AS (leiar) | Evy Eknes, Reklamehuset | Åge Torsvik, Amfi Knarvik | Solfrid O. Farestveit, Hagel AS | Stein Are Slettebmark, KPMG

Viktige oppgåver for bransjegruppe Handel og service er å legge til rette for nettverksbygging, omdømmebygging og synleggjering av bransjen. Gruppa har jobba med planlegging av ulike arrangement og møtestader for bransjen, og har i år gjennomført eit kveldsarrangement med godt oppmøte. Saman med Alver kommune har dei starta å sjå på offentlege innkjøp og moglegheiter for lokale leverandørar. Dette vil bli følgt opp i 2023. Utvikling av regionsenteret Knarvik er også ei viktig sak for bedriftene innan handel og service.

Havbruk

Normann Sæbø, Mørenot Radøy (leiar) | Ragnar Nortvedt, Havforskningsinstituttet Matre | Øyvind Holsen, Nesfossen Smolt AS | Frode Gjelsvik, Lerøy Vest AS | Vidar Hjartnes, Eide Fjordbruk AS

Kommunane i Nordhordland har gått saman om å utarbeide ein interkommunal plan for sjøareal. Dette har vore hovudsaka for bransjegruppe Havbruk også i 2022. Gruppa har medverka i prosessen for å sikre næringa sine interesser så langt som mogleg. Gruppa har og starta arbeidet med eit mogeleg vidare samarbeid med Regionrådet for å utvikle ein meir berekraftig strategi som kan gi vekst i næringa i vår region.

KOMPETANSEFORUM NORD

Baste Tveito (leiar) | Vivian Kårbo | Frode Hervik, Austrheim vgs | Kari Bruvik, Knarvik vgs / Osterøy vgs. | Vidar Tufteland, Osterøy vgs /Kompetansesenteret for robotteknologi | Morten Kolås, Equinor Mongstad | Jarle Monstad, Framo Flatøy AS | Stian Herøy, Fedje kommune | Rune Heradstveit, Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Magne Jarle Myhr, Bergen Engines AS | Hanne Tysnes, Karriere Vestland | Jane Britt Daae, NAV | Kristin Iversen, Vestland fylkeskommune | Lillian Vabø Mongstad, Opplæringskontoret for Nordhordland | Sara Hamre Sekkingstad, Alver kommune | Lars Fjeldstad, Osterøy kommune

Mandatet:

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

Nokre gjennomførte tiltak:

- Målretta arbeid med læreplass for elevar på vg2 i Nordhordland – 91 % fekk læreplass i 2022
- Klassebesøk på vg2 med fokus på CV og søknad
- Hospitering for elevar i bedrift

- Arbeidsgruppe for rekruttering av helsefagarbeidarar i Nordhordland
- Rekrutteringsdag for helsefag, 10. trinn
- Rådgjevarsamlingar
- Samarbeidsprosjekt med HVL vedr. arbeidet med læreplassgaranti i Nordhordland
- Jobbmesser
- Besøk på 10. trinn, vg1 og vg2 om arbeidslivets forventningar
- Yrkes- og utdanningsmessa for Nordhordland 22.-23. november 2022



Frå yrkes- og utdanningsmessa

RESSURSGRUPPA

Helge Korneliussen (leiar), Roald Olsvold, Inge Alver, Jarleiv Haugland, Inger Johanne Ektvedt, Geir Flom, Einar Vatne, Oddfrid Hole, Olav Sylta

Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag har sidan 2011 hatt eit samarbeid med NAV for å hjelpe ungdom som ikkje har fullført vidaregåande skule. Gruppa gjennomfører også bedriftsbesøk for å skaffe fleire læreplassar i regionen. Klassebesøk på vg2 med fokus på CV og søknad er viktig i arbeidet med å hjelpe ungdom til å få læreplass. Også i 2023 blir arbeidet med læreplassar viktig. Vivian Kårbø koordinerer arbeidet.

MEDLEMSAKTIVITETER

2022 starta med restriksjonar på grunn av pandemien, men frå februar var vi i gang med møte og arrangement.

Møte og seminar i 2022:

- Straumprisar og energikostnader – Volte AS
- Sjukefråvær og forebygging – samarbeid med NAV
- Jubileumsarrangement ifm. Lindåsfest
- Bedriftsbesøk hos Wergelandgruppa
- Sjukefråvær og oppfølging – samarbeid med NAV
- Statsbudsjettet, skatt og avgift – KPMG

I leiarnettverka «Tryggare styring» og «LINK» er det gjennomført fire samlingar. Tryggare styring har cirka 45 deltakarar og består hovudsakeleg av dagleg leiarar i lokale bedrifter. LINK er nettverket for mellomleiarar med cirka 35 deltakarar.

Nordhordland Awards

Nordhordland Awards er eit samarbeid mellom Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest, Alver kommune og Sparebanken Vest. Arrangementet vart utsett til 31. mars og samla 135 personar til prisutdelingar og feiring av næringslivet på Alver Hotel.



Nordhordland Awards 2022

Foto: Trude Brun Wilhelmsen

Årets bedrift 2022 – Kilstraumen Brygge AS

Avisa Strilen og Sparebanken Vest deler årleg ut heidersprisen «Årets bedrift» i samarbeid med Nordhordland Næringslag. Prisen blir tildelt ei bedrift i Nordhordland eller Gulen som har utmerka seg spesielt. Årets bedrift 2022 vart Kilstraumen Brygge AS. Dei to andre kandidatane var KG Elektro AS og H. Sandvik AS.



Finn Tokvam gratulerer Petter Johannessen, Kilstraumen Brygge AS Foto: Trude Brun Wilhelmsen

Jubileum

I 2022 var det 50 år sidan Nordhordland Handverk- og Industrilag vart stifta. Dette vart markert på ulike måtar gjennom året. 20. juni inviterte vi æresmedlemmer, styret, tidlegare styreleiarar, bransjegruppene, ressursgruppa, politikarar og samarbeidspartnarar til jubileumslunsj på Kilstraumen Brygge. Mange flotte helsingar vart framført, og Karstein Stene som var første styreleiar i laget fortalte om historia frå 1972 og til i dag.



Frå jubileumslunsjen på Kilstraumen